

Verksemdsplan Dalsbygda skule og barnehage 2009

Styringskort Norddal Dalsbygda skule og barnehage

Fokusområde	Suksess-faktor	Måleindikator	Målemetode	Resultat mål
Brukarar	Gode tenester	Brukartilfredsheit	Brukarundersøking	3,5
	Brukarmedverknad	Brukartilfredsheit mot brukarmedverknad	Brukarundersøking	
Medarbeidarar	Gode arbeidsmiljø	Medarb.tilfredsheit Sjukefråver	Medarbeidarunders. 2006:4,7. 2008: 4,5 Registrert nivå %, endring	4,5
	Deltakande medarbeidarar som tek ansvar	Leiar si oppleving Medarb. si oppleving	Leiarundersøking 2006: 4,8 2008: 4,7 Medarbeidarundersøking	
Økonomi	God økonomistyring	Avvik i høve budsjett Kostnad per eining Auka produktivitet Auka effektivitet	Avviksrapport Avvik utvikling Endring utvikling Endring utvikling	3 %
Samfunn/ livskvalitet	Tilhøyrgheit og deltaking	Oppleving gode Møteplassar Oppleving kulturelt Mangfald	Innbyggjarundersøking Innbyggjarundersøking	16 % over l.gj.snitt
	Omstillingsevne	Endringar	Registrering og analyse	

Teneste: Oppvekst og undervisning

Eining/ansvarsområde: Dalsbygda skule og barnehage, 2121,2122,2123.

Mål for ansvars- området/ Kort skildringa av tenesta

Verksemda er regulert gjennom lov, avtaleverk og politiske vedtak. Sentrale lover for verksemda er: Kommunelova, Opplæringslova, Barnehagelova, Forvaltningslova og Arbeidsmiljølova.

Dalsbygda skule og barnehage (DSB) er eit lokalt oppvekstsenter med slagorda VEKST - VISDOM - VENNSKAP. Tenestetilboda skal i høg grad tilretteleggast slik at dei imøtekjem brukarane sine behov og målsettingar ut i frå lover, planar og politiske vedtak.

Vår målsetting er å utvikle DSB til ein god lærings- og arbeidsstad med særleg vektlegging og fokus på miljø, trivsel og kunnskap. Med bakgrunn i Rammeplan for barnehagen, Kunnskapsløftet og felles prioriterte kommunale satsingsområde prioriterer vi følgjande:

1. Omsorg tryggleik og trivsel.
2. Natur og nærmiljø. Uteområdet i leik og undervisning.
3. Fagdelen av undervisninga, kompetansemåla i Kunnskapsløftet og Rammeplan for barnehagen.
4. IKT som hjelpemiddel og bruk av digital læringsplattform.
5. Vurdering.
6. Samarbeid og samhandling mellom skulane og barnehagane i Norddal.
7. Kompetanseplan for barnehagen.

Nøkkeltal	Årsverk	2007	2008	2009
	Barnehagen/SFO	2,82	2,82	2,79
	Skulen	3,93	3,62	3,89

Økonom- iske resultat og plan		RS 2007	BUD 2008	BUD 2009
	Barnehage/SFO	380 699	753 000	707 000
	Skulen	2 295 511	2 195 000	2 274 000

**Forventa
admini-
strative
eller
faglege
resultat**

Eigne mål /skildringar m/tiltak. Beskriv kort i hovedsaksform

Vi har som målsetting å utvikle ein skule og barnehage etter notida og framtida sine krav og behov. I ein liten krins som Dalsbygda byr dette på store, men og svært interessante utfordringar. Barnetalsprognosene dei næraste åra syner i underkant av 20 elevar i skulen og 10 – 15 barn i barnehage/SFO.

Personalressursen både i barnehage og skule er for tida stabil, og personalet har jamt over god utdanning og lang praksis. Vi driv systematisk planlegging, gjennomføring og vurdering av både fagleg og administrativt arbeid. Innanfor hovudsatsingsområda arbeider vi med følgjande fag/emne som skal gi konkrete resultat:

1. Omsorg, tryggleik og trivsel. Synleg og tydeleg leiarfunksjon. Respekt for kvarandre Miljøtiltak SFO integrert i barnehagen oss. Barnehage/skule – heim. Arb.miljø	Hovudansvar: Rektor Alle (store og små) Rektor Ped.leiar Rektor	Merknad: Alle er meir eller mindre leiarar. Ordensreglar. Mobbeplan. Går på heile verksemda. Kva gjer vi i lag og kvar for Brukarundersøkingar m.m.
2. Natur og nærmiljø Naturleikeplassen plassar. Bli kjend i bygda kvar Bli kjend i kommunen Frå Norddal og ut i verda	 Kontaktlærer.Ped.leiar Kontaktlærer.Ped leiar Rektor Kontaktlærer	 Faste plassar og andre Stadnamn og kven som bur Fokus på å vere norddaling Frå det nære til det fjerne
3. Fagdelen av undervisninga. Kompetansemåla i Kunnskapsløftet og Rammeplan for barnehagen. Kunnskapsløftet Rammeplan for barnehagen Lese- og skriveopplæringa Matematikk Kunst og handverk Kulturnista Fysisk aktivitet bakkar Kurs og etterutdanning for personalet står sentralt under dette punktet.	 Rektor Rektor/Ped.leiar Synnøve Kontaktlærer Synnøve/Petter Kulturkontakten Kroppsøvingslærer	 Gjennomføring lokalt Gjennomføring lokalt Begynnaropplæring/auka lesedugleik Praktisk bruk og forståing Blant anna integrert med Kulturnista og Verdsarv Lokale og sentrale tilbod Inne og ute på sletter og i
4. IKT som hjelpemiddel. Heimeside I undervisninga I barnehagen I leiing/administrasjon	 Petter Faglærer Ped.leiar Rektor/ped.personale	 Ha ei informativ heimeside Når og korleis bruke IKT Spel Rutiner og nye utfordringar. Digital læringsplattform Nasjonalt/kommunalt/lokalt
5. Vurdering	Alle tilsette	
6. Samarbeid og samhandling Skulane og barnehagane i Norddal	Rektor	Jfr. Kommunal plan.
7. Kompetanseplan for barnehagen	Rektor/Ped.leiar	Gjennomføring og bruk

Særskilde utfordringar i tida som kjem	<ul style="list-style-type: none"> -fagleg og personleg utvikling for personalet med utfordringar som ligg i å vere ei lita eining -tiltak ut frå Rammeplan og Kunnskapsløftet -gode pedagogiske og sosiale tilbod for alle barn i bygda -skulen/barnehagen som lokal ressurs i bygda -aktivt bruk av nærmiljøet -skulen so deltakar i bygdeutvikling -enkle forskningsprosjekt -skulen/barnehagen skal vere ein stad der alle tek vare på kvarandre -gi barna eit godt utgangspunkt for seinare yrkesval og bustadval -lære barn/elevlar å sjå samanheng mellom lokalt og globalt perspektiv -knyte samarbeid og kontakt med samarbeidspartnarar
Dokumentasjon av behovs- auke/ - reduksjon	<p>Skulen: Elevtal per 01.01.2009 er 20 med elevlar fordelt på alle 7 klassestega. Største kullet finn vi på 3. klassesteg Samla undervisningstimetall auka med veketimar frå hausten 2008. Frå 01.01.2009 har vi fått ein ny auke på veketimar. Elevtalsprognosen for skuleåret 2009/2010 er så langt 18.</p> <p>SFO: Vi har i alt 9 elevlar på SFO. Opphaldstida varierer frå 6 til 23 timar per veke. Tilbodet er 100% brukartilpassa. Fordi SFO er meir eller mindre er integrert med barnehagen, kan utgiftene variere noko alt etter meir teknisk fordeling av lønnsutgifter mellom barnehage og SFO. Med såpass mange brukarar på SFO er der god inntening gjennom foreldrebetalinga.</p> <p>Barnehagen: Per 01.01.2009 er det 9 barn i barnehagen (frå 60 til 100% opphald). Over tid har vi fått større nettoutgifter fordi inntekter (foreldrebetaling og statstilskott) minkar som følge av færre barn.</p>

TILTAKSPLAN

Tiltak	Ansvar	Tidsrom
Omsorg, tryggleik, trivsel	Rektor	Heile året
Natur og nærmiljø. Uteområdet i leik og undervisning	Alle tilsette + foreldre	Heile året
Fagdelen av undervisninga	Lærarar + Ped.leiar	Heile året, men delvis tilpassa årstidene.
IKT som hjelpemiddel og bruk av digital læringsplattform	Alle i skulen	Heile året
Vurdering	Alle tilsette	Heile året
Samarbeid og samhandling mellom skulane i Norddal	Rektor	Sjå vedteken rammeplan
Kompetanseplan for barnehagen	Styrar/ped.leiar	Heile året med evaluering for kvart halvår